

# CRP ( C-reaktivt protein ) i serum

## Bakgrunn

CRP er eit akutfaseprotein som blir produsert i levera. Høge verdiar i plasma kan ein sjå allereie 6 – 12 timar etter at sjukdomsprosessen har starta, og når sjukdommen går tilbake, minkar s-CRP hurtig (halveringstida i plasma er omkring 15 – 25 timar).

## Indikasjonar

Påvising og kontroll av inflammatorisk akutfasereaksjon.

Skilje mellom bakteriell og viral infeksjon. Seriemålingar kan brukast til å følgje sjukdomsaktivitet, og til å påvise postoperative komplikasjonar.

## Prøvemateriale



Serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetjing.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

## Referanseområde

Kvinner og menn: < 5 mg/L

## Tolkingar

Auka s-CRP-verdi ved bakteriell infeksjon og cellenekrose. Lite stigning ved ukompliserte virusinfeksjonar. Postoperativt stig s-CRP.

**Feilkjelde:** Unngå langvarig stase.

**Biologisk variasjon:** Intraindividuell biologisk variasjon: 42 %